



Kommunane i Møre og Romsdal
Vaksenopplæringssentra i M&R

Etterutdanningskurs for lærarar og leiarar i vaksenopplæringa Stad og tid: Hotel Union Geiranger, 19.-21. oktober 2015

Målgruppe er lærarar og leiarar med ansvar for:

- 1) Norskopplæring for vaksne innvandrarar
- 2) Grunnskoleopplæring for vaksne

Også i år innbyr Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i samarbeid med arbeidsutvalet i leiarnettverket for vaksenopplæringa i Møre og Romsdal, til eit 3-dagars parallellseminar i **Geiranger 19.-21. oktober 2015** for lærarar og leiarar i vaksenopplæringa.

Fylkesmannen samarbeider med Vox og får nasjonale midlar til gjennomføring av kurssamling 1) *Norskopplæring for vaksne innvandrarar* og kurssamling 2) *Grunnskoleopplæring for vaksne*. Deltakarane vil få gratis kurs- og hotellopphold med overnatting i dobbeltrom på Union hotell fra 19.-21. oktober. Evt. enkeltromstillegg (kr. 430,- for 2 netter, kr. 215,- pr natt) skal betalast av den enkelte til hotellet ved innsjekking!

Dag 3 er komen med som erstatning for den tidlegare interkommunale studiedagen i Molde i august kvart år. Fylkesmannen i Møre og Romsdal ønskjer at alle lærarar og leiarar i vaksenopplæringa i fylket deltar på Geirangersamlinga.

Sjå vedlagte program for innhald og tema.

Samlinga startar med frammøte/registrering/lunsj måndag 19. oktober kl. 11.30 og avsluttar med lunsj og felles avreise onsdag kl. 13.00. Det vil bli sett opp bussar i regi av vaksenopplæringssentra i kvar region som tidlegare. Nærare informasjon om dette blir sendt ut av dei største vaksenopplæringssentra i kvar region.

Elektronisk påmelding innan 20. september på Fylkesmannen si heimeside: www.fylkesmannen.no - «Kurs- og konferansekalender» eller www.fylkesmannen.no/mr -> «Vaksenopplæring».

NB! Påmeldinga er bindande etter 1. oktober. Hotellet vil kunne fakturere rekning til kommunane/ vaksenopplæringa for evt. fråfall etter denne datoen. Ved ikkje frammøte, må det betalast full rompris.

Vel møtt!

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)
utdanningsdirektør

Reidun Nedrebø

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

Program 19.-21. oktober 2015

